

Molde 17.03.10

## Rullestolstunt!

Ungdomspanelet vil utfordre elevråda i dei vidaregåande skulane om å utføre eit rullestolstunt, for å utforske om skulen er tilrettelagd for rullestolbrukarar. Vi vil oppfordre dykk til å låne 2-3 rullestolar, høyr med eldreheimar eller legekontor, og få nokon til å sitte i stolane og nokon til å hjelpe til om nødvendig. Ta utfordringa med å prøve ein skuledag i rullestol for å sjå om du kjem deg til klasserom, kantine, 2. etasje, lab osv. utan hjelp frå andre. Er det dørstokkar som er vanskelege å komme over utan hjelp? Manglar skulen heis eller annan måte på å komme til eventuelle etasjar?

Ungdommens fylkesting 2009 vedtok at Ungdomspanelet skulle ha universell utforming som eit punkt på handlingsprogrammet i perioden 09/10.

*Universell utforming er utforming av produkt og omgivnad slik at dei kan brukast av alle menneske. Dette skal gjelde i så stor breidde som mogleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming.*

Som følge av dette vil Ungdomspanelet no utfordre alle elevråda på dei vidaregåande skulane i fylket til å delta på eit såkalla "rullestolstunt". Då skal elevråda utforske om skulane er universelt utforma og bla tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Vi håpar at så mange som mogeleg tar utfordringa og blir med på dette! Det skal bli interessant å sjå resultatata, som også skal bli lagt fram på UFT 2010.

Husk at dette er ei fin sak for media! Ta kontakt med lokalaviser og andre. Be og om at saka leggest ut på skulen si heimeside.

Vi ønskjer ei tilbakemelding med resultat frå stunet. Både ros og ris! Send noen ord og evt bilder til koordinator for Ungdomspanelet, Anne Berit S. Halle, [absh@mrfylke.no](mailto:absh@mrfylke.no)

Bilder og tekst kan bli lagt ut på UNGweb.no!

Håper dykk vil gjennomføre dette og lykke til.

Med vennleg helsing frå Ungdomspanelet

Ida Andrine Heggset

leiar i Ungdomspanelet